

# Prosjektplan

## **Innovasjonsnettverk i distriktssamfunn i Vestland fylke**

**Eit kompetanseutviklingsprosjekt retta mot innovasjonsnettverk (ikkje-komplette klynger) i distriktssamfunn i Vestland fylke. Viktig målgruppe: nøkkelpersonar i utvikling av slike innovasjonsnettverk.**

### **1 BAKGRUNN**

#### Nytt fylke frå 1/1 2020

Sogn og Fjordane og Hordaland vert frå 1/1 2020 eit fylke. Det nye fylke vil bestå av ulike utviklingsmiljø som kan lære av kvarandre og utvikle urbant-ruralt samarbeid.

#### Innovasjonsnettverk – kontekst: distriktssamfunn

I rullert verdiskapingsplan for Sogn og Fjordane, i P-IRIS<sup>1</sup> og i nasjonalt klyngeprogram set vi søkjelys på korleis ikkje komplette innovasjonsnettverk skal knytast opp mot sterke fagmiljø utanfor nærområdet. Prosjektet bygger på røynslene i P-IRIS (fase1) inklusiv verktøykassa<sup>2</sup> for strategisk arbeid med innovasjonsnettverk.

Hordaland fylkeskommune har røynsler basert på samarbeid by-land med utgangspunkt Bergen. Overrisling frå sentrum til utkant kjem ikkje automatisk.

Begge fylkeskommunane har vore i dialog med Innovasjon Norge v/ klyngeprogrammet. Eit samarbeid er inkludert i planen.

I dette prosjektet er ståstadens distriktssamfunn. Den faglege leiarfunksjonen - å initiere, utvikle og omstille innovasjonsnettverk i distriktssamfunn i eit samarbeid med eksterne sterke miljø – er sentral i P-IRIS. Dette prosjektet fell delvis saman med (overlappar delvis) aksjonsplanen for P-IRIS

Eksternt sterke fagmiljø kan vere ei (meir) komplett klynge, eit forskingsmiljø, ein katapult eller eit sterkt bedriftsmiljø. I det vidare vert denne opplistinga ikkje repetert.

#### Fornying av næringslivet – smart spesialisering

Smart spesialisering gir oss nokre nye innfallsvinklar som vi ønskjer ta i bruk:

- Analyse av kva styrke ein region har som kan brukast på nye område (identifisere «beslektet kunnskap»)
- Entreprenørielle oppdagingsferder (aktive søk etter potensiale for fornying; basert på analyser av «beslektet kunnskap» og gjerne på tvers av bransjar)
- Prioritering av desse fornyingsprosessane inklusiv langsiktige kompetansestrategiar

#### Prosjektfase

Prosjektinitiativet handlar om arbeid der noko er moge og anna umoge. Det vert ikkje vurdert som nødvendig med ei forprosjektfase. Arbeidet handlar om å sjå samanhengar, reflektere og vidareutvikle god praksis / luke vekk dårlig praksis

<sup>1</sup> <https://www.interregeurope.eu/p-iris/>

<sup>2</sup> <https://www.vestforsk.no/nn/publication/verktoykasse-strategisk-arbeid-med-innovative-nettverk>

## **Omgrep**

### Innovasjonsnettverk

I P-IRIS brukar vi innovasjonsnettverk som omgrep, men kunne ha brukt ufullstendige / ikkje-komplette klynger. Poenget er å unngå å ta over alt som er tenkt om urbane klynger.

### «Helix»-aktørar - 3H, 4H eller 5H

- Bedrifter med vekstambisjonar
- Entreprenørar (entreprenørielt miljø)
- Finansmiljø – kompetent kapital
- Forskings- og utdanningsmiljø
- Offentleg forvaltning / Verkemiddelapparatet
- Brukargrupper

### Node

Ein node eller ein satellitt er eit innovasjonsnettverk som ser seg tent med å knyte arbeidet opp mot eit hovudmiljø. Ofte snakkar vi om eit ikkje-komplett miljø som ønskjer samarbeid med meir komplette miljø.

### Produksjon i innovasjonsnettverk

Nettverk eller klynger kan ha mange føremål og dermed ulik produksjon. Produksjonen vi konsentrerer oss om i dette prosjektet er:

- fornying gjennom å leite etter og identifisere nye forretningsmulegheiter
- gjennomføre innovasjonsprosesser

## **2 MÅL OG MÅLGRUPPER**

### **Langsiktig mål**

Klyngepolitikken er relevant for innovative næringsmiljø i distriktsamfunn.

Klyngepolitikken gir økonomisk effekt for nodebedrifter

Verkemiddelapparatet kan fasilitere klyngeutvikling

### **Mål for prosjektet**

Få rekruttert innovasjonsmiljø inn i klyngeprogrammet – «Tidlegfase nettverk»

Få testa node-hub klyngegesamarbeid saman med Innovasjon Norge.

Få på plass sertifiserte klyngerådgjevarar saman med Innovasjon Norge.

Utvikle og ta i bruk eit læringsopplegg for nøkkelpersonar i utvikling av innovasjonsnettverk i distriktsamfunn.

### **Målgruppe**

- Representantar for bedrifter i innovasjonsnettverk / klynger
- Leiarar av innovasjonsnettverk / klynger
- Verkemiddelapparatet; den delen som er knytt opp mot identifiserte klynger / innovasjonsnettverk
- Politikkutformarar

### 3 AKTIVITET

#### 3.1. Innleiing

Hovudspørsmåla vi ønskjer arbeide med:


- Kva treng innovasjonsnettverk i distriktssamfunn for å utvikle seg? Vi testar ut «tidlegfase nettverk» i det nye klyngeprogrammet
- «Node-perspektivet»: Kva treng dei lokale innovasjonsnettverka som ønskjer knyte seg opp mot eit eller fleire hovudmiljø («ein hub»)?
- «Hub-perspektivet»: Kva føresetnadene skal til i våre lokale innovasjonsnettverk for å gjere oss til interessante samarbeidspartar («nodar») for sterke klynger?
- Korleis utvikle gode fellestiltak for nøkkelpersonar som arbeider for å utvikle innovasjonsnettverk / klynger i distriktssamfunn?
  - Hjelpemiddel i form av ei sjekkliste
  - Opplæringstiltak
  - Innsikt i erfaringar andre miljø har gjort seg
  - Utvikling av mentorteneste

#### 3.2 Delprosjekt 1 Behovskartlegging i innovasjonsnettverk i distriktssamfunn

Delprosjektet vert utført som eit samarbeid med klyngeprogrammet assistert frå fylkeskommunane Hordaland og Sogn og Fjordane. Vi rekrutterer aktivt til «Tidlegfase nettverk» (sjå figuren nedanfor). Dette er eit låg-terskel tilbod for å avklare vidare arbeid. Avklaringsprosessen vil bli gjennomført som ein dialog om kva som er ambisjon og fornuftige neste steg for det konkrete miljøet. Neste steg kan vere:

- Ambisjon om sjølv å bli eit hovudmiljø (NCE eller RCE i figuren nedanfor)
- Ambisjon om å bli ein node til eit eller fleire hovudmiljø
- Andre ambisjonar; t.d. prosjektsamarbeid, bedriftsnettverk eller liknande

Grunnlaget for samarbeidet med Innovasjon Norge, Klyngeprogrammet er så langt basert på ein modell som framleis er under utvikling. Det vil derfor enno ta noko tid før økonomiske konsekvensar for fylkeskommunen er klarlagt når det gjeld hub-node samarbeid eller klynger med status RCE (Regional Clusters of Expertise).



## Gjennomføring:

Det er føresett ein formell avtale med Innovasjon Norge ved klyngeprogrammet. Denne avtalen må på plass før delprosjektet vert sett i gang. Intensjonen er slik rolledeeling:

- Dei to fylkeskommunane (i samarbeid med Innovasjon Norge Vestland) mobiliserer til deltaking i modul 1 («tidlegfase nettverk») i klyngeprogrammet.
- Innovasjon Norge rekrutterer aktuelle miljø for gjennomføring av tilbodet. Tilbodet er ein avklaringsprosess som omtala ovanfor.
- Saman vil IN v/ klyngeprogrammet og dei to fylkeskommunane rekruttere pilot-miljø innovasjonsnettverk i distriktssamfunn som ønskjer å knyte seg til eit hovudmiljø for å teste ut hub-node samarbeid.

Interesserte miljø må aktivt melde seg på klyngeprogrammet, modul 1 («tidlegfase nettverk»). Påmelding skjer fortløpande.

Det er pårekna at fylkeskommunane må finne finansiering til nodemiljøet i eit hub-node samarbeid. Detaljane rundt dette er ikkje avklara. Vi har heller ikkje kandidatar på plass. Vi vil i denne omgangen be om at fylkesdirektøren får fullmakt inntil kr 1.000.000 til å delfinansiere eit node-hub samarbeid over to år.

## Ansvar:

Mobiliseringsansvar: Fylkeskommunane og Innovasjon Norge, Vestland

Ansvar for opptak til og gjennomføring av modul 1: Innovasjon Norge – Klyngeprogrammet

Ansvar for sertifisering av nye mentorar til «modul 1»: Innovasjon Norge – Klyngeprogrammet

## **3.3 Delprosjekt 2 Behovskartlegging sett frå hub-ståstad**

Kva er forventningar frå komplette klyngene / sterke innovasjonsmiljø til «tunne» innovasjonsmiljø?

Vi skal utfordre dei etablerte klyngene / sterke innovasjonsmiljøa på forventningar til det å knyte til seg nodar i form av lokale innovasjonsnettverk. Dette vil gi eit grunnlag for å få til ei forståing i lokale innovasjonsnettverk om kva som skal til for å vere ønska samarbeidspartar sett frå «hub-ståstad».

## Gjennomføring:

Vi har identifisert ein del eksisterande og potensielle hub-miljø primert i Hordaland som vi vil gjennomføre ein prosess mot, enten i form av ein strukturert samtale og/eller ved å samle dei til ein workshop. I etterkant vil det vere aktuelt å invitere dei med som deltakarar i workshop i prosjektet.

Ansvar kan bli fordelt på ulike nettverksansvarlege

Koordinator og ev finansieringsansvar: Hordaland fylkeskommune

## **3.4 Delprosjekt 3 Felles tiltak**

Det vert gjennomført fellessamlingar for interesserte innovasjonsnettverk. Føremål er erfaringsutveksling og identifisering av felles utviklingsbehov.

Fellesaktivitetar vert planlagde og gjennomførte i samråd med ei prosjektgruppe

## Innhald:

### Partnarskapsavtale med Maritim Foreining

Partnarskapsavtalen er under arbeid, men ikkje formelt underteikna. To aktivitetar vedkjem denne prosjektplanen:

1. Test av metode «entreprenørielle oppdaginger»
2. Teste nytteverdien dei europeiske plattformene knytt til arbeid med maritim fornybar energi (MRE og Vanguard)

Ansvar: Sogn og Fjordane fylkeskommune

Noko tilsvarande kan bli finansiert av Hordaland fylkeskommune. Dette er ikkje avklara og ikkje ein føresetnad for gjennomføring av test saman med Maritim Forening

#### Aksjonsplanen for P-IRIS

Aksjonsplanen for P-IRIS skal ferdigstilla innan juni 2019. Den trer i kraft frå og med 1.juli 2019 og varar til 30.juni 2021. Planen inneheld eit tiltak som skal gjennomførast i denne perioden.

Innhald:

- Hausten 2019 – Utvikling a eit læringsopplegg for verktøykassen
- Våren 2020 – Test av læringsopplegget
- Hausten 2020 – Evaluering av læringsopplegget
- Våren 2021 – Presentasjon av resultata på sluttkonferansen til P-IRIS

Intensjonen med læringsopplegget er å auke kunnskapane hos regionale styresmakter og nettverksleiarar når det gjeld etablering, drift og utvikling av innovative nettverk i distrikt. Kunnskapane vil vere relevant for politikkutforming så vel som for dagleg nettverksleiring. Læringsprogrammet blir tilgjengeleg også på engelsk og kostnadsfritt å ta i bruk for prosjektpartnerane og andre.

Ansvar: Sogn og Fjordane fylkeskommune v/ P-IRIS

#### Bygge felles kompetanse

Planen er å gjennomføre ein studietur der vi lærer av røynsler i å utvikle innovasjonsnettverk i distriktsamfunn. Studieturen vil også medverke til å utvikle fellesskapet i det nye Vestland fylke. Målgruppa er omtala i avsnitt 5 nedanfor. Deltakarar som treng å få kompensert utgifter til reise og opphold, må få tilbod om subsidiert deler av kostnadene. Det vert kalkulert kr 100.000 (kr 10.000 for 10 personar) i budsjettet for Sogn og Fjordane.

Ansvar: Hordaland fylkeskommune / Sogn og Fjordane fylkeskommune

## **4 FRAMDRIFTSPLAN**

Prosjektet vert sett i gang 1/7 2019 og avslutta 30/6 2021

Prosjektet går såleis parallelt med aksjonsplanen for P-IRIS

Rekruttering til modul 1 i klyngeprogrammet er alt i gang

## **5 ORGANISERING OG ROLLER**

Prosjektansvarleg er Lars Hustveit, Sogn og Fjordane fylkeskommune

Prosjektleiar er Ingvild Andersen (som også koordinerer delprosjektleiarane)

Ei prosjektgruppe vert leia av prosjektleiar. Denne er samansett slik:

- Prosjektmedarbeidar frå Hordaland fylkeskommune
- Ein kontaktperson i Innovasjon Norge
- To representantar for målgruppa innovasjonsnettverk

Prosjektet vil ha identifiserte deltakarmiljø i delprosjekt 2 og 3. Deltakarmiljøa er ikkje endeleg definerte. I Sogn og Fjordane vil deltakarmiljøet i delprosjekt 3 vere interessentgruppa i P-IRIS.

Denne interessentgruppa vil bli supplert med nokre nye interesserte innovasjonsnettverk. Sogn og Fjordane gruppa ser no slik ut:

- Innovasjon Norge
- SIVA
- Dei tre næringshagane
- Dei to inkubatorane
- Maritim Foreining

- Tech Yard i Førde
- Årdal Utvikling
- Måløy Vekst (ev representert ved innovasjonsnettverk direkte)
- Fjordane Virtuelle Campus
- Fagskulen i Sogn og Fjordane
- Høgskulen på Vestlandet
- Vestlandsforskning

## **6 KOSTNADS-OG FINANSIERINGSPLAN**

I ei finansieringssak i Sogn og Fjordane er følgjande med:

Kostnadsplan:

Prosjektmidlar for å teste hub-node samarbeid i klyngeprogrammet <sup>3</sup> (Gitt avklaring i 2019 så gjeld dette for miljø i Sogn og Fjordane)	Kr	1.000.000
Partnarskapsavtale med Maritim Foreining:		
1. Observatør i Vanguard / MRE (to reiser m/ førebuing / etterarbeid)		46.000
2. Teste metode «entreprenørielle oppdaginger» (50% av kostnader):		204.000
Studietur – felleskostnader og reisestøtte (Sogn og Fjordane)		100.000
Aksjonsplan for P-IRIS (100% fylkeskommunal finansiering):		
1. Opplæringsopplegg for bruk av verktøykasse		91.000
2. Gjennomføring av kursopplegg – verktøykasse		144.000
3. Evaluering og revidering av kursopplegg		<u>45.000</u>
SUM:	kr	1.630.000

Kommentarar:

- Aktivitet for å teste hub-node samarbeid saman med Innovasjon Norge v/ klyngeprogrammet er uavklara. Summen er ein indikasjon
- Partnarskapsavtalen med Maritim Foreining er ikkje underteikna. Vi må ta atterhald om at avtalen kjem på plass

Ut frå desse kommentarane er det naturleg å be om at fylkesdirektøren får fullmakt til å løyve tilskot til arbeidet når dei ulike aktivitetane er meir avklara. Det er viktig no at aksjonsplanen for P-IRIS vert avklara med omsyn til finansiering. Dei øvrige aktivitetane viser aktivitet som i sum vil gi innsatsen tyngde.

---

<sup>3</sup> Det er tenkt ei løyving til deltakarmiljø. Deltakarmiljøet får tilsagn om eit tilskot på vanleg måte